

NVE region vest

[nve@nve.no](mailto:nve@nve.no)

Vaksdal 04.10.14

## **Høringsuttale frå grunneigarar vedrørande konsesjonssøknad om overføringar til Samnangervassdraget**

### Generelt

Grunneigarane er generelt negativ til dei utbyggingsplanane som ligg føre. Tiltaket vil svekka lokal verdiskaping og næringsinteresser.

### Kulturminne

Demningane er ein del av vår kulturarv og framstår som kulturminner i landskapet. Ved gjennomføring av tiltak som framstilt i konsesjonssøknaden vil deler av dette kulturminnet bli revet.

### Alternativ utbygging

Det føreligg alternativ utbygging ved bygging av Herfindalen Kraftverk. Grunneigarane ynskjer heller at denne utbygginga skal nyttast då denne vil fremme lokal verdiskaping og gjere området i fjellet meir tilgjengeleg for næringsverksemd.

Me er av den oppfatning at overføringane som er omsøkt bør handsamast saman med alternativ utbygging, jfr konsesjonssøknad om Herfindalen Kraftverk.

### Næringsinteresser og landbruk

Området vert i dag mykje nytta til landbruk. Grunneigarane brukar området til sommarbeite for storfe og sau, samt som leigebeite for sau. Området har også potensiale for anna framtidig næringsinteresse som ikkje er definert i dag. Ein veg inn i området vil difor vera til nytte for oss. Denne utbygginga vil stanse planar om veg til Budalen, ettersom Herfindalen Kraftverk ikkje kan la seg realisere om overføringane til Samnangervassdraget vert realisert.

### Konsesjonssøknaden

I konsesjonssøknaden er det påpeikt at overføringa vil bidra til meir regulert vasskraft. Me vil påpeike at det allereie er regulering i vassdraget.

I Samband med revurdering av demningar i Vaksdalsvassdraget har det vore utført synfaring på alle demningar i regi av Sweco ved Bjørn Dalsnes. Under befaringa vart det påpeika at demningane var i god stand. I konsesjonssøknaden vert det hevda at det må gjerast vesentlege tiltak på dei fleste dammane.

I konsesjonssøknaden kan me ikkje sjå at det i rimeleg grad er teke omsyn til tapt energi i dei to kraftverka som allereie er i Vaksdalsvassdraget, Ardalen og Møllen Kraftverk. Grunna utforming av turbinrøyr vil den store reduksjonen av magasinert vatn medføre driftsutfordringar på vinterstid. For næringsmiddelindustrien sine fabrikkar på Vaksdal, Felleskjøpet og Norgesmøllene vil det også bli utfordringar ettersom det er svakt nett i området og kraftverka i Vaksdalsvassdraget bidreg på vinterstid til å kompensere i nettet.

#### Restvassføring

Restvassføringa til Vaksdalsvassdraget vil bli monaleg redusert både til Fossavatnet og vidare gjennom Lonane. Flaumar skal framleis ledast til Vaksdalsvassdraget, men ser ein på restvassføringa utanom flaumane så vil tiltaket gje store innverknader ved redusert vassføring til Vaksdalsvassdraget store delar av året.

#### Sikringstiltak for husdyr

Generelt må anlegget ta omsyn til at det er mykje beitande husdyr i området.

Anlegget må sikrast slik at dyra fritt kan nytte området utan å bli sperra eller ta skade.

Tiltak (Ikkje uttømande):

Utgravde kanalar bør sikrast med lokk, utløpskanal bør sikrast så dyr ikkje kan ta seg inn. Det bør ikkje etablerast innretningar som fører til at dyr kan bli sperra inne, til dømes ved bruk av inngjerdingar.

Med venleg helsing

**Grunneigarar i Herfindalen.**

**Gnr 15, bnr 4, 5, 6, 8 og 9 i Vaksdal.**

Rune Sæterdal